

Øy Nytt



Kyrkjeblad for Øygarden



Den kulturelle skulesekken

2. klassingar i Øygarden har vore på kyrkjebesøk.


Foto:TOH.

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Ei sunn sjel i ein sunn kropp side 4-5

Aggregat til Afrika side 7

Helsing frå biskopen side 9



Gå inn i Herrens hær!



Det er 1969. Det er ungdomsgudsteneste i Korskyrkja i Bergen. På preikestolen står den gamle Brann-spelaren, seinare prest og kretssekretær Rolf Helén Iversen i Ungdomsforbundet, NKUF. Ei setning frå preika slår ned i ein av ungdomane som sit i den fullsette kyrkja: «Dere som er unge må tenke på å bli prester».

Ungdomen var ein gymnasiast frå Fana, den same som skriv desse linene no nesten 40 år seinare. Eg kunne seinare ikkje legge frå meg det «Bossen» hadde sagt.

Men den første som sådde tanken i meg om at eg skulle bli prest, var nok hjelpepresten i Domkyrkja, Stein Eirik Foss. Eg hugsar óg godt frå ein kyrkjekaffi i Domkirkens Menighetshus i Bergen på ettersomaren 1968 at Foss sa til meg på ein heller frimodig måte: «Jasså, du skal bli en av (preste)brødrene?» Eg hadde vel ikkje tenkt tanken, men...

Eg var nok difor «disponert» då «Bossen» i preika si året etter nok førte fram eit hint frå Herren om kva Han ville eg skulle nytta livet mitt til. Året etter tok eg difor så smått til med dei førebuande prøvene på Universitetet. Før teologistudiet måtte ein då ta eksamen i 4 av dei, og sterkt aktiv i det kristne ungdomsarbeidet som eg var, vart det 1974 før eg kunne ta til med kristendomsstudier på NLA. Dei siste 3 år før ordinasjonen tok eg teologisk embetseksamen og Practicum på MF i Oslo.

Den 30. august 1978 vart eg så ordinert av biskop Thor With i heimekyrkja mi Fana. Eg gløymer ikkje ordinasjonstalen hans over Joh. 3.30: «**Han skal veksa, eg skal minka**». Heller ikkje orda den gode biskopen kviskra i øyret mitt då vi «veksla» mikrofon i sakristiet før mi første preike som prest: «Vær frimodig bror!» Det første har eg ikkje fått gløyma, det siste ber eg framleis med meg!

Eg har sjølv sagt blitt minna på mykje meir enn desse små glimt frå 60- og 70-talet når eg i år har både kalls- og ordinasjonsjubileum. Eg får koma attende til noko av det.

Men i dag ønskjer eg å vitne om at Gud i alle desse åra har vore trufast mot meg og at Han ikkje sviktar sine tenarar (**5. Mos. 7,9**). Det er óg mitt vitnemål for Han og menneske at eg vil vera tru mot Skrifta, Kyrkja si vedkjenning og lovnaden eg gav i ordinasjonen livet ut. Eg vonar óg at eg alltid kan få leve i Jesus sine siste ord på krossen, som vert bede av kristne verda over i Completoriet (Aftanbøna):

«I dine hender gjev eg mi ånd; du løyser meg ut, Herre, du trufaste Gud.» (Sal. 31,6)

De som har høyrte meg forkynne Guds Ord nokre gonger, veit kor viktig dette Ordet er for meg sjølv, og at eg ønskjer å gi det vidare til kyrkjelydane mine og alle eg møter i sjelesorg og forkynning, som trygg basis i liv, død, og all æve.

Ei sak til har eg på hjartet denne gongen. For no er det min tur til vere ein som på Herren sine vegner kallar unge til å gå ut i tenesta for Jesus i kyrkje og misjon. Lat meg gjera dette med et par vers frå ein av ungdomssalmane vi song i det kristne ungdomsarbeidet:

**La vervingsropet runge:
Nå er Guds rike nær!
Det gjelder alle unge:
Gå inn i Herrens hær!
Vi har en kamp å kjempe
For fred og rett på jord,
En angst og sult å dempe
hos undertrykket bror.**

**Når Jesu Kristi rike
Får makten i vårt sinn,
Da kan vi ikke vike,
Vi setter livet inn!
Det offer Jesus bragte
For våre synder først,
Det hjelper oss å akte
Vår nestes liv for størst.**

(Vårt Sinn er fylt med glede, originalversjon v. 2-3, Olaf Hillestad)

Jesus vil gå med i striden!

Sokneprest i Øygarden Prestegjeld
svennam@hotmail.com



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar: Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
Redaktor: Margit LiljanApelthun
Kontingent: Min. kr 100,- pr. år innan kommunen
Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen
kr 100,-
Kontor.: 3628 07 02557
Layout/trykk: Grafisk Team AS
Distribusjon i Øygarden: Hurtiglevering, Tjeldstø tlf. 98 66 53 29

Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse: Helse- og tenestenteret, Rong
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 56 38 22 40
Faks: 56 38 22 41
Vakttelefon: 56 38 22 44
E-post: kantor@kyrkja.net

Internettider: www.kyrkja.net

Ekspedisjonstid: måndag – fredag 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorsekretær Kari Sandøy Rong
e-post: kantor@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog

Trine Overå Hansen
e-post: kyrkjelydspedagog@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 47

Kantor

Anne Lise Grøm
kantor@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 45/91 88 12 08

Sokneprest

Svenn Martinsen
e-post: sokneprest@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 44

Kyrkjeverje

Anlaug Børve, vikar for
Odd N. Thomodsæter
e-post: kyrkjeverje@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 43

Kyrkjene:

Blomvåg kyrkje tlf. 56 38 70 22
e-post: blomvag.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/ Kåre Kristoffersen
Kyrkjegardsarb. Mobil: 911 05 197
Klokkar: Ole Vik

Hjelme kyrkje

tlf 56 38 80 30
e-post: hjelme.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/ Hjelme sokneråd:
Kyrkjegardsarb. Kjellaug og Raymond Vik

Råda:


Blomvåg sokneråd: Leiar: Olaug Merete Rong
Hjelme sokneråd: Leiar: Atle Dävøy
Øygarden kyrkjelege fellesråd: Leiar: Gustav Landro

Beredskapsordning for Vesthordland prosti tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.



”

Kjærlighet fra Gud springer like ut
Som en kilde klar og ren.
I dens stille bunn, I dens dype grunn,
gjemmes livets edelsten.

Kjærlighet fra Gud som en yndig brud
Kommer smykket til oss ned
Lukk kun opp din favn, Kom i Jesu navn,
Himlen bringer den jo med!

Kjærlighet fra Gud er det store bud
Er det eneste jeg vet
Bli i kjærlighet, Og du har Guds fred
Ti Gud selv er kjærlighet!

J.Schørring

Da jeg fikk denne utfordringen hadde jeg, som forrige bidragsyter, mer enn et sangforslag i tankene. Jeg landet imidlertid fort på den jeg har valgt, som både er min egen og min mors favorittsalme.

Teksten taler i høyeste grad for seg selv, men jeg er spesielt glad i disse verselinjene: «Lukk kun opp din favn, kom i Jesu navn» som henspiller på

at Guds kjærlighet er helt gratis og at det er bare å ta den imot! Samt de siste verselinjene «Bli i kjærlighet og du har Guds fred, for Gud selv er kjærlighet». Tenk at ved å være i Guds kjærlighet har vi Guds fred! Og det er den fred som ikke verden kan gi. (Joh 14:27).

Alle mennesker søker kjærlighet og fred. Men den eneste måten vi kan erfare sann kjærlighet og fred på er å ta imot det fra Gud, vår Far, som skapte oss. Ingen annen kjærlighet er større enn Guds kjærlighet. Jesus sa: «Ingen har større kjærlighet enn den som gir sitt liv for sine venner» (Joh 15:13). Jeg har gjennom årene hatt mange opplevelser i forhold til denne sangen. Blant annet var den en av salmene vi lærte, og ofte sang da jeg gikk på barneskolen på Hernar. Men en opplevelse med sangen husker jeg best: Jeg var i en begravelse der denne sangen ble spilt som instrumental i kirken. Etterpå sa en dame til meg: «Tenk å ha en bryllupssalme i en begravelse!» Men for meg var det helt naturlig, da jeg vet at Guds kjærlighet bærer gjennom alle livets faser og like inn i døden, og også etter døden; inn i det evige livet som de døde i troen på Jesus en gang skal bli oppreist til. Det er ikke bare lett å bli en kristen. Det er et valg man må ta, og livet etterpå er ikke automatisk bare «fryd og gammen». Det lovet heller ikke Jesus at det skulle bli. Men at det er det rette valget; det vil alle som tar det av hjertet, erfare.

Den kjente predikanten Aril Edvardsen sa at det største hinder for at Guds rike skal gå frem er de kristne selv. Jeg er tilbøyelig til å være enig. Jeg var nok ganske naiv, men at det fantes vonde ting som sjalusi, baksnakking og misunnelse også i kristne miljøer, var et sjokk for meg. Paulus sier at «i meg selv bor det ikke noe godt», og sånn er det nok med oss. Men vi har som mål å bli Kristus lik og leve som søsken på jorden, slik at verden skal se at vi elsker hverandre. Alle kristne som ikke har dette som største ideal i sitt liv; å leve for Jesus og bli Ham lik, har ikke rett fokus. Det er så mye vi mennesker kan finne på å hakke på hverandre for, det kan være at en har rødt hår, bruker briller, har noen i familien som sliter med sykdom, osv. Ja, vi mennesker er rare! Jeg har ofte tenkt på fortellingen om Jesu disipler, de som var så mye i Hans nærhet, og så Hans sinnelag og gode eksempel på nært hold. Plutselig begynte til og med de å krangle om hvem av dem som var den største (Markus 9:33-35). Den kristne tro er ikke slik. Den handler om kjærlighet, tilgivelse og å ha en tjenerånd, sa Jesus. Så til alle ufrelste vil jeg si: La aldri noen fortelle deg at du ikke er god nok til å bli en kristen, til å komme til Jesus. For Jesus selv har invitert deg!! Og gjennom HAM er vi gode nok, og kun gjennom Ham. Det gjelder oss alle. Vi er alle like «gode» eller «dårlige» overfor Gud. Til slutt vil jeg si at gjennom Guds kjærlighet fins det tilgivelse for og gjenopprettelse av alle ting. Og Guds kjærlighet er den aller største gave som Jesus selv – og jeg også – ønsker at flest mulig, ja, alle skal få ta i mot. Gud velsigne deg!

Inger Pahr har takket ja til å skrive neste gang.

GAMLE BILETE FRÅ ØYGARDEN



Bilete av «Unge røyster» – i Hjelme teke i 1985. Er det nokon som kjenner seg att?

**Frist for stoff til ØyNytt i 2008:
Nr 6: 24. November**

**Frist for stoff til ØyNytt i 2009:
Nr 1: 19. Januar**

«Ei sunn sjel i ein sunn kropp»

KRIK Øygarden er eit vitalt lag. Dei samlar mellom 30 og 40 ungdomar til trening og aktivitetar kvar veke. Dei fleste går på ungdomsskulen, men det er også nokre frå vidaregåande. Styreformann i KRIK Øygarden, 16 år gamle Thea Toft Ophaug, går første året på vidaregåande. Ho spelar fotball på Skjergard, men har også vore med i KRIK dei tre siste åra. Thea fortel om bra oppmøte på KRIK-samlingane.

– Ein gong var me over 40 stykke. Men vanlegvis ligg det på om lag 30 stykke, fortel ho.

– Me samlast kvar fredag på Toftøy skule. Der spelar me fotball og driv med forskjellig idrettar og leikar.

Thea avslører for ØyNytt at det er ikkje alle som er like aktive.

– Nokre sit kanskje på scenen og spelar kort medan dei andre trenar. Men alle er med på andakta, fortel ho.

– Me har andakt midt i samlinga, og me byter på å leia samlingane. Men det er dei vaksne leiarane som held andakta.

Thea fortel at sjølv likar ho best å spele fotball, men det er



KRIK Øygarden samlar mellom 30 og 40 ungdomar til trening og aktivitetar kvar veke.

mange ulike aktivitetar å velja mellom. – Det er berre å koma for alle som vil.

Av Margit Liljan Apelthun

Sølvvinnarar frå Øygarden



Trine Overå Hansen overleverte ei gåve til Alexander Dale Oen frå kyrkja i Øygarden.

– Dette er moro, seier den gamle sølvvinnaren i skøyte-VM, Kåre Kristoffersen då han møtte Øygardens sølvgut frå OL under den store folkefesten.

– Ja, det er moro, Kåre. Og du har klart vore ein inspirasjon for meg, seier ein smilande Alexander Dale Oen og klappar VM-veteranen på skuldra.

Øygardsfolket samla seg til folkefest for bygdas store son, Alexander Dale Oen som sumde seg fram til sølv i OL i Beijing. Alle var der for å gratulere og feire sølvvinnaren. Og det var mykje lovord og gåver utdelt.

– Ein sølvmedalje god som gull, meinte ordførar Olav Martin Vik. Alexander er ein fantastisk ambassadør for Øygarden. Han har gode verdiar, og han er stolt av sin identitet som øygarding og stril, var



Sølvvinnar i skøyte-VM for veteranar, Kåre Kristoffersen og sølvsymjaren i OL, Alexander Dale Oen har begge på sitt vis satt Øygarden på verdas idrettskart.

nokre av lovorda han fekk.

– Dette er Noregs første OL-medalje for symjing nokonsinne. Og takka være Alexander er Noreg er det beste landet i symjing i Norden. Vi må ikkje gløyme at Alexander også gjorde ei stor bragd under VM i Eindorfen, der han tok eitt gull og to sølv, fortalde symjepresident Sven Rune Eknes som var komen over frå Oslo for å fortelje øygardingane at dei kunne vere stolte av symjaren sin. *Tekst og foto: MLA*

Innkommne offer:

Blomvåg:

20. april	Den Norske Israelmisj	kr. 3156,00
26. april	Strømmenstiftelsen	kr. 2498,50
26. april	Jinka	kr. 1230,50
27. april	Laget	kr. 2334,50
4. mai	kyrkjelydsarbeidet	kr. 3519,50
12. mai	Normisjon	kr. 2074,00
17. mai	Blomv.skulemusikk og kyrkjel.arb	kr. 2539,50
18. mai	Rusfri	kr. 1085,00

1. juni	Nordhordland Indremisjon	kr. 2100,00
15. juni	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2257,00
29. juni	Norsk Gideon Bibelmisjon	kr. 2100,00
13. juli	Det Norske Misjonsselskap	kr. 2670,50
3. aug	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1892,00
17. aug	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2212,00
31. aug	Bibelskolen Bildøy	kr. 5543,00
14. sept	Bergen søndagsskolekrets	kr. 4063,50

Hjelme:

30. mars	Familie og Medier	kr. 2707,00
13. april	Den Norske Israelmisjonen	kr. 2762,50

24. april	Konfirmantarbeidet	kr. 2790,00
3. mai	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2388,50
11. mai	Ungdom i Oppdrag	kr. 2630,00
17. mai	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 4885,50
25. mai	Evangeliesenteret	kr. 890,00
8. juni	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2254,00
22. juni	Norsk Lærarakademi	kr. 2440,00
6. juli	Åpne dører	kr. 1830,00
10. aug	Normisjon	kr. 3570,50
24. aug	Noregs Samemisjon	kr. 2221,50
7. sept	Bergen søndagsskolekrets	kr. 2692,00

Sjølvbilde og mediebilder

Familie og medier hadde seminar for konfirmantane i veke 41, eit for gutane og eit for jentene. Konfirmantane fekk læra meir om korleis media påverkar oss, og korleis dei bevisst manipulerer bilete for å skape det perfekte idealet. Ungdommane kan oppleva eit press, og at dei sjølve ikkje strekkjer til, viss dei skal måle seg opp mot dei urealistiske rollemodellane som media framstiller. Det gjekk eit gisp gjennom salen då det vart vist fram "før og etter"- bilete av ein modell som har vore brukt i reklamen for eit kosmetikkprodukt. F&M underviste ellers om vetig og uvetig bruk av internett, og konsekvensane av å leggja ut bilete av seg sjølv og andre tilgjengeleg for heile verda og for all framtid. Dei kom også med nokre tankevekkjarar i høve til kva verdiar som er viktige for oss, og kva vi verdset hjå andre.

Tekst og foto: Trine Overå Hansen



Jentene fyller papptallerkenar med kompliment til kvarandre.

Ingjerd frå F&M samanliknar sjølvbiletet med ein paraply. Trekket er utsjånaden, spilane er alt du kan, men skafet, den du er i deg sjølv, er det du trygt kan byggja din identitet på, og som heldt når stormen kjem.


Tur på gamal kyrkjeveg

Søndag 14. september var vi ein liten gjeng med små og store som samlast ved gamle Hjelme kyrkje og skulle gå den gamle kyrkjevegen til Hellesund. Været var flott og humøret på topp! Halvvegs tok me ein pause og åt litt medbrakt kaffimat. Dessverre var det ei dame som brakk foten sin rett før vi kom til mål. Men ellers var det en kjekk tur med ein fin gjeng.

Tekst og foto: Kari S. Rong



Små og store på rad og rekke.



Ved målet.

Kaffipause undervegs.

Den kulturelle skulesekken

Vi har også i år hatt besøk av 6. og 2. klassane i kyrkjene våre. 6. klassingane fekk læra om symbolikk, måleteknikkar, arkitektur og kyrkjehistorie. I månads-skiftet november/desember vert det utstilling i biblioteket på Rong av nydelege glassmåleri som dei laga denne dagen i kyrkja.

2. klasse fekk omvisning i kyrkja, prøve orgelet, og fekk eit innblikk i bruk av symbol og liturgiske fargar.

Dei som var i Blomvåg fekk også prøve å ringe med kyrkjeklokkene. Etterpå vart det saft og kjeks til både elevar og lærarar. Fleire elevar meinte det hadde vore den beste skuledagen dei hadde hatt!


Tekst og foto: TOH.



Songglade born

Søndag 14. september var det søndagsskulens dag i Blomvåg. Det var ei flott gudsteneste med mykje fin song av søndagsskuleborna. Nils Arne Lavik, som heldt preika, snakka om den lamme mannen som vennane bar til Jesus. 5. klassingane fekk utdelt biblar, og etterpå var det nysteikte lappar og kaffi i borggården.

Tekst TOH og foto: NAL.



Gøy på leir!

Helga 13.-14. september var det dukka for 3.-4. klasseleir på Skjergardsheimen. Det var 43 blide og leirklare born som ankom Skjergardsheimen laurdag morgon. Fyrst hadde me bibelsamling, der me såg film om Paulus og song litt ilag. Deretter hadde me "blikjend aktivitetar" ute i det fine vèret. Seinare på dagen hadde me Olympiske Leikar, som var ein stor suksess med både dopingtest, kimsleik, plankekøyring og mykje meir. Morokveld hadde me òg.



Sjonglør Rune "kom på besøk", og fleire deltakarar hadde innslag. Når klokka nerma seg 22.00 var det tid for å finna loppekassen. Mange var trøytt etter ein aktiv dag, medan andre heller ville vera oppe for å ha pysjamasparty. Omsider kom

søndagen, og me var klare for frukost og bibelsamling før foreldre kom og henta sine kjære heim. Takk for ein kjempefin leir!

Av Beate Augestad

Aksjon «Lys og luft i bibelhus»


Aksjon «Lys og luft i bibelhus» skal skaffe pengar til eit straumaggregat i Normisjons nye bibeloversettjarbygg i Vest-Mali. Det har misjonsinteresserte øygardingar sett seg som mål.

Misjonærane Jan og Elisabeth Sanden er glad for det store engasjementet som øygardingane har for misjon i Afrika.

Det nye testamentet vart for første gong utgjeven på kassonké-språket i januar i år, og arbeidet med oversetjing av Det gamle testamentet er i gang. Ekteparet Sanden er spente på kva det vil bety at nytestamentet no er oversett til kassonké. Mange har spurd etter «den nye boka», som den vert kalla. Jan og Elisabeth voner at nytestamentet vil bli lest, ikkje berre i Oussoubidiagna der misjonsstasjonen er, men også i landsbyane omkring, og at det vil forandre liv.

Då det gamle bibelhuset er i ferd med å falle frå kvarandre, er det påkrevd med eit nytt bygg. Jan Sanden har ansvar for byggearbeidet som allerede er i god gjenge. Men det er også eit sterkt ønske om straum til å driva luftkjølarar på kontora. Og med tilgang på straum vil eit av romma bli nytta til skulerom for norske barn.

Dette fortalte Jan på eit foreiningsbesøk hos Ingebjørg og Bjarne Sæle. Kari Ingrid Døskeland var tilstades, og ho gjekk heim til mannen Kjell og fortalte kva misjonærane hadde sagt. Kjell Døskeland tok då eit initiativ til å oppretta ein innsamlingskonto, og aksjonen



Etterspørselen etter det nye testamentet er merkbar i Oussoubidiagna i Vest-Mali, der misjonærparet Jan og Elisabeth Sanden har budd i snart to år, med barna Hild Elida og Ester Kristine. Siste skudd på stammen er fire måneder gamle John Kåre.

«Lys og luft i bibelhus» vart dermed til. Eit flygeblad med bilete er sent ut. Pengane som vert samla inn vil gå rett til kjøp av straumaggregat, som er kostnadsrekna til 30.000 kroner.

Om du vil vere med å gje eit bidrag, er kontonummeret 3628.54.76547 (Sparebanken Vest).

Av Margit Liljan Apelthun



Påbegynt oversettjarbygg fremst, gammalt bygg bak.

På bønemøte i Vik bedehus

Olga Bjorøy Vik er nettopp fylt 90 år. Men sin høge alder til trass, bønearbeidet har ho ikkje pensjonert seg frå. Ho tek sin tøn og leiar framleis bønemøte på Vik bedehus ein gong kvart halvår.

Annankvar søndagskveld er det bønemøte på Vik bedehus. Der samlast mellom fem og ti trufaste til andakt og bøn.

ØyNytt fekk vere med på bønemøte den siste søndagen i september. Det var Olga som leia møtet. Det gjorde 90-åringen med stø hand og stø røyst. Ho hadde funne fram sanger, ho leste dagens andakt og ho leste Gudsordet som hørde med.

Dei fem som var til stades delte bibelordet, takka og ba saman. Dei takka for Jesu soninga for syndene. Dei ba om vekkjing og Guds velsigning. For det kristne arbeidet og for alle dei som forkynner Guds ord. Dei ba om vern for born og ungdom, for folket i bygda og nasjonen.



Bønemøte i Vik bedehus. Frå venstre: Ingolf Solsvik, Anna Bjorøy, Olga Vik, Per Landro og Magnus Torsvik.

Dei ba for styresmaktene at dei måtte få visdom til å styra landet vel. For misjonærane og for verda. For Israels land og folk. Det ba for alle som leid naud at Jesus måtte sjå til dei, og at dei måtte sjå Jesus. Slike bønensamlinger representerer sjølv livsnerva i samfunnet med Jesus. «Der to eller tre er samla i mitt namn, er eg midt iblant dei».

Av MLA

**Kjøp kjapt,
trygt
og billig**

**KIWI mini
pris**

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Opent man.-fred. til kl. 21.00

Lørdager til kl. 20.00.

**Det er vi
som bygger Øygarden**

**ØYGARDEN
BYGGSENER**

**TH
BHAS BYGG**

**NORGESHUS**
Øygarden
Boligutvikling as

Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09

Adr. Pålsetet, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personer.

Arrangerer bylup,

konfirmasjoner og andre
tilsvillingar.

Kan levere mat til alle

anledningar.

Middag, koldtbord og smittar.

Tlf. 5638 9380

Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Mobil: 90 59 90 59

BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP

Teatergt. 20, 5010 Bergen

Tlf. 55 21 44 50

Mobil 917 51 700

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER



K.H. Polden
Tlf. 56 33 45 88



Tom Wilson
Tlf. 55 18 50 80

Vi utfører alle de praktiske eller tilleggsoppgaver
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.



Asane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid

5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring · din trygghet

Sotra Omegn

BEGRAVELSEBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Biskopen takker for fylgje

Bispetenesta mi her i Bjørgvin er i ferd med å ta slutt. Eg har passert aldersgrensa etter 14 år i bispestolen. No skriv eg for å takke for fylgjet, med bøn om signing for all god gjerning.

Mest alle spør om det er vemodig å slutte. Svaret er ja. Det er eit privilegium å få gjere teneste i Bjørgvin. Uventa og utan atterhald er eg blitt tatt imot i svært ulike krinsar. Breie lag av folket spør etter biskopen som støtte for saka si. Biskopen er ein leiar ein kan ergre seg over og til tider vere stolt av. Det er ikkje det same for folk korleis han markerer seg. Mange kjenner seg stadfesta når dei opplever at biskopen lukkast.

Titusener av handtrykk har det blitt i kyrkjedører på Vestlandet og i sjømannskyrkjer over heile verda. Eg var der som symbolfigur og som ei stadfesting på det å bli sett. Men fyrst og fremst var eg der som sendebod frå Gud med godt nytt i ei rufsete tid.

Somme har eg såra undervegs. Dei opplevde seg som taparar når eg skar gjennom. Det er eg lei for. Dei venta betre frå kyrkja sin fremste representant. Som biskop har eg mitt å be om orsaking for. Det vil alle skjøne. Eg sjølv, framfor nokon.

Eg kom frå sjelesorga til bispestolen. Det er samtale og relasjonsarbeid eg har halde på med så lenge eg har vore prest. I dei gode stundene vonar eg det har prega bispegjeringa òg. Eg har trivst som biskop, sjølv om leirolla har hatt kostnader.

Der er dei som seier at eg har vore ein tydeleg biskop. Det er meint som eit kompliment, som eg takkar for. Men det har vore utfordrande å vere faneberar når ein er skapt til å vere bæreberar. Det er mykje i livet som er sårbart og som ikkje går opp. No vil eg søkje attende til sjelesorga. Eg vil vitne om vona og Guds nærvere i det skjøre og uferdige.

I arbeidet mitt som biskop har Else Liv har vore med meg heile vegen. Dei som kjenner meg, veit kor mykje det har hatt å seie. No har vi slått oss ned på hennar



og min far sine heimetraktar i Nordhordland. Vi blir framleis i Bjørgvin. Her vil vi gå til gudsteneste og her vil vi byggje kyrkjelyd! Saman vil vi gjere Kristus kjend, trudd, elska og etterfylgd.

Ein varm takk til alle gode medarbeidarar, mest til dei av dykk som få ser, men som gjer ei einestående teneste blant små og store!

Gud signe Bjørgvin bispedøme – som har så mykje og som treng så mykje!

Ole D. Hagesæther



5334 HELLESØY
TLF: 56388008/47755570
ORG.NR.984589565
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :
MAND.-TORSD.. 900-1700
FRED.....900-1900
LØRD.....900-1500

Perspektiv på livet

Som telefonvakt hjå Kirkens SOS kan du bidra til at andre får det betre, samstundes som du får perspektiv på livet.



Vi søker kvinner og menn over 20 år som har orden på livet, tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg. Les meir på www.kirkens-sos.no eller ring 55 32 58 45

SparebankenVest

- satser på Vestlandet


Vi tilbyr ferdige middagsrettar
og nysteikte bakervarer

SPAR 
RONGEBUA

• **Post i butikk**

Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER

Velkommen til oss



Catering:

- Salter
- Kaffebord
- Varm Mat
- Bakkverk
- Bakkverk
- Kaker

Rong Kafe a/s

Tlf. 56 38 71 40

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 nye solbriller eller solbrill med høy kvalitet. Du ringer og bringer!

12 solbriller og solbrill med høy kvalitet

B-P-S Solutrykke

u. David Rong 5337 Rong
Tlf. 56 38 71 40 Fax 56 38 71 41

Mobil: 918 56 258

TIMEBESTILLING 56 38 73 90

brand
Anisør RONG SENTER

Egne priser for pensjonistar
Langøpe torsdag.

Høstens nyheter

Mand-fred 10-18
Lørd 10-16
Tlf. 56 38 80 00
Fax 56 38 85 99



Gave & Interiør
RONG SENTER

100% NATURLIG MAKEUP
100% naturlig resultat



No.1
**MINERAL
MAKEUP**
IN THE WORLD

FANTASTISK TILBUD
PÅ STARTKIT!

8 produkter - kun kr 998
(verdi kr 2.500)


bareMinerals er markedets første
og reneste mineralbaserte makeup

100% pure
bareMinerals

Velkommen
til oss:

**ØYGARDEN HUD
& KROPPSPLEIE**

Rong senter
56 38 95 15



MECA
CAR SERVICE

- Stort utval av godbiter frå vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m/EU-kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Moderne vaskehall
- Kaffiavtalen
- Gass Bilverksted



**BLOM
SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

Øygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40 - Faks: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no



TORSVIK
ELEKTRISKE AS

Torsteinsvik - 5337 RONG

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolantenn
Elektrikerarbeid
Elektrisk forretnings

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon 922 34 062

www.torsteinsvik.no

H **Harkestad
Betong AS**
Utsalg på Straume
Tlf. 56 38 00 70

Betong og betongprodukter

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5336 TJELDSTØ

H **Malvin
Harkestad
& Sønner AS**

Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

GUDSTENER

- 02.nov Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse
v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 09.nov Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiemesse
v/ Svenn Martinsen. Song av Jubelkoret. Dåp. Nattverd
- 16.nov Hjelme kyrkje kl.11:00** Familiemesse
v/ Svenn Martinsen. Song av Øygardskoret Dåp. Nattverd.
- 23.nov Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse
v/ Egil Hjortland. Dåp. Nattverd
- 30.nov Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiemesse
v/ Svenn Martinsen.
Song av Øygarden barnekantori. Nattverd
- 07.des Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiemesse
v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 14.des Hjelme kyrkje kl 11:00** Familiemesse
v/ Svenn Martinsen. Nattverd

TIL LUKKE

75 år:

1933 Gregorius Johan Lyngøy, Herdlevær

9.november, kl.19.00

vert det bibeltime med Otto Høvik i Hjelme kyrkje. Etterpå er alle velkomne til kveldsmat.

Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 50 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.



Vi formidlar blomster til innland og utland



Blomsterbua

Rong senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

Bokhandelen som setter kristen
litteratur og musikk i fokus



Bok & Media, Vestbok

Vestludsmenningsen
Tel: 56 31 74 63
post@vestbok.no
www.vestbok.no

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Døypete

Blomvåg

Adrian Toft Hansen Matland, Torsvik
(Haukeland sykehus)
Noah Fagerholt, Torsvik
Sander Michelsen Nordanger, Veslevarden
Rebekka Wastvedt, Toft (Foldnes kyrkje)
Mathilda Stølsnes-Hagenes, Blomåsen
Even Landro Jensen, Austemarka
Andreas Hagenes Stenhjem, Pålsmaset
Vile Marie Wilhelmsen Flåten, Ådnevika

Hjelme

Celine Torsvik Skagen, Bergen
Nikolai Myhre, Ådneviksveien
Martine Oliversen, Nautnes
Lilly Nicoline Klepppestø, Rong

Døde

Blomvåg

Adrian Toft Hansen Matland, Torsvik f. 2008
Sigrid Rong, Rong f. 1914
Anders Kårbø, Blomvåg f. 1922

Hjelme

Oline Sæle, N.Sæle f. 1929

Vigde

Blomvåg

Isabell Karlsen og Espen Breivik
Sølvi Alvheim og Pål Skjelstad

Hjarteleg takk

Til alle som kom og var med og feira 90-års dagen min, for alle varme helsingar, gåver, blomar, og telefonsamtaler! Og takk for fin pengegåve til "Leger Uten Grenser"!

Helsing Olga Bjorøy Vik

Salmekveld i Hjelme kyrkje: Tysdag 4. november kl 19.30

Gjester:

Ragnar Grøm fortel om salmediktaren

Svein Ellingsen

Olsvik kyrkjekor og Øygardskoret
Orgel og dirigent: Rune Johnsen Klevberg
og Anne Lise Grøm

Vi får alle vera med å syngja eksempl frå salmane
til Svein Ellingsen.


Kollekt ved utgangen.

Arr. Kyrkja i Øygarden

Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG

B

NORGE



31. august var disse 50-års konfirmantane samla i Blomvåg kyrkje, og til fest i Blom bedehus etterpå.

50 års-konfirmantar



24. august var disse 50-års konfirmantane samla i Hjelme gamle kyrkje, og til fest i nye Hjelme etterpå.

Blomvåg

Magne Gerhard Misje, Per Tore Vik, Harald Torsvik, Magnus Kåre Toft, Per Arne Dale, Nils Per A Torsvik, Agnar Ananiassen Torsvik, Magne Turøy, Åsmund Dale, Håvard Ove Sæle, Johannes Herdlevær, Kristen Karl Heggøy, Johnny Magnus Alvheim, Kjell Ingar Alvheim, Mimmi Marit Misje Danielsen, Alise Pernille Misje Johannessen, Reidun Kristoffersen Misje Hansen, Bjørg Irene Toftevåg Toft, Anne Karin Inderøy Trengereid, Sigrun Åshild Herdlevær Toft, Sigrun Pauline Toft Haugland, Else Sigrid Torsvik Austbø, Petra Torsvik Nystad, Hjørdis Alette Skråmestø Stenhjem, Ninni Reidun Vestheim, Svanhild Edith Rong Heimnes, Turid Margrethe Sæle Fjeldvær, Aud Johanna Herdlevær, Jorunn Magnhild Fjeldstad Solvang, Aslaug Gerd Fjeldstad Posvoll, Berit Karin Solbakk Østgulen, Hjørdis Margrete Dåvøy Hellesund, Wenche Margrethe Krossnes Knappen, Klara Heggholmen Semshaug
(i tilfeldig rekkefølge)

Hjelme:

Karl Ragnar Hellesøy, Magnus Herman Svellingen, Odd Karstein Solvang, Karstein Magnar Nielsen, Alfhild Berit J Hernar, Margun Vinnes Nordøy, Wenche Karin Bakken Vedå, Ingeborg Marie Nautnes Aarseth, Grethe Karin Troland, Margun Margrete Sture Svellingen.
(i tilfeldig rekkefølge)

De som ynskje å kjøpe bilete må ta kontakt med kyrkjekontoret.